

Korleis sjekke refusjon fødsels- og sjukepengar ?


Frå 01.01.04 har ein innført eit nytt datasystem for behandling av refusjonar frå trygdekontoret. Dette systemet ligg på Unique ansatt og medfører ein del endringar i både handtering og rapportering av refusjon fødsels- og sjukepengar. Fordelen med dette systemet er at refusjonane kan inntektsførast samtidig som ein sender krav til trygdekontoret. Det vil seie at dei som har gode rutinar og er flinke til å levere sjukemeldingane tidleg kan få inntekstført refusjonen same mnd.

Sum refusjon fødsels- og sjukepengar finn du som før i Unique økonomi. Ønsker du derimot å sjekke refusjonane nærmare for å sjå kven du har fått refusjon for og kor lenge du har fått refusjon må du frå 01.01.04 køyre rapporten **refusjon differanse**. Oppskrift følgjer under.

Rapporten finn du under:

- Rapporter
 - Fråver
 - Refusjon differanse

Bestillingsbilde ser då slik ut:



For å sjekke refusjonane for januar og februar vel du følgjande:

Vel:

Årsakskode: 1:999 (alle), 1 : 400 (sjukepengar), 400 : 500 (fødselspengar)

Sendtdato: 01.01.06 : 29.02.06

Teneste: Sett inn ønska teneste

For nærmare skildring av rapporten klikk på **Hjelp**.

For dei som ønskjer kan ein nytte denne rapporten til å sjekke kva krav som er sendt, kva krav som er ferdigbehandla, eller ein kan for eksempel ta ut rapportar på negative differansar. Tipsa finn du under Hjelp - funksjonen.